Manuskript til Namn og Nemne

Redaksjonen vil helst ha manus elektronisk som vedlegg til e-post. Blir det brukt spesialteikn, ønskjer vi også ei pdf-fil av artikkelen.

Artiklar på skandinaviske språk skal ha eit samandrag på engelsk eller tysk. Samandraget skal kort gje innsyn i dei viktigaste momenta i artikkelen.

Sitat som er lengre enn tre maskinskrivne liner, skal skiljast frå teksten ved innrykking.

Fotnotar (merknader) bør brukast så lite som råd; dei bør oftast takast inn i teksten. Eventuelle fotnotar skal samlast i slutten av artikkelen. Nummertilvisingane i teksten skal ikkje ha parentes kring seg, og dei skal plasserast etter skiljeteikn.

Litteraturtilvisingane skal om mogleg gjerast ved forfattarnamn og utgjevingsår. Døme: ... (Indrebø 1924: 98), eller: Gustav Indrebø (1924: 98) meiner ... , eller: Som opplyst i Indrebø 1924: 98, ... Arbeid som er fotografisk oppattprenta, skal siterast etter originalutgava (av forskingshistoriske grunnar), altså ikkje Olsen, M. 1978. Torp, A. 1963, Aasen, I. 1918 eller 1977. Allment kjende tidsskrift bør ha forkorta titlar (t.d. ANF, APhS, MM, NoB, SvLm); det same kan gjelde kjende seriar (t.d. DS [Danmarks Stednavne], NG [Norske Gaardnavne], men då med tilvising til forfattar eller utgjevar. Undertitlar og serieopplysningar trengst til vanleg ikkje.

Døme:

Andersson, T. 1983: Personnamn. Till begreppets avgränsning. NORNA-rapporter 23. 9–23.

Hovda, P. 1966: *Norske elvenamn.* Oslo–Bergen.

[Hovda, P.] 1978: *Frå hav til hei.* Oslo–Bergen–Tromsø.

Indrebø, G. (red.) 1920: *Sverris Saga etter Cod. AM 327 4°.* Kristiania: Den Norske Historiske Kildeskriftkommission.

Indrebø, G. 1921: Stadnamni i ei fjellbygd. *MM* 1921.113–210.

Indrebø, G. 1924: *Norske Innsjønamn.* 1. Oslo.

Indrebø, G. 1936a: *Hordaland–Hordafylke. Bidrag till nordisk filologi tillägnade Emil Olson den 9 juni 1936.* 72–77. Lund–Köpenhamn.

Indrebø, G. 1936b: Nokre fjellnamn i Sogn. *MM* 1936.36–75.

Indrebø, G. 1938: Þinghá. *NoB* 25.1–17.

Olsen, M. 1926: *Ættegård og helligdom.* Oslo.

NG: Sjå Rygh, O.

Rygh, O. 1905; 1909; 1910: *Norske Gaardnavne.* 16; 5; 11. Kristiania.

Sigmundsson, Svavar, 2002: Nafngiftir útlendra sjómanna á íslenskum stöðum. I: Johansen, A. m.fl. (red.): *Eivindarmál. Heiðursrit til Eivind Weyhe á seksti ára degi hansara 25. apríl 2002.* 353–359. Tórshavn.

Torp, A. 1919: *Nynorsk etymologisk ordbok.* Kristiania.

Aasen, I. 1873: *Norsk Ordbog.* [2.] Udg. Christiania.

namn og nemne 29 – 2012

namn og nemne

Tidsskrift for norsk namnegransking

UTGJEVE AV NORSK NAMNELAG
REDAKTØRAR:
GUNNSTEIN AKSELBERG, GUDLAUG NEDRELID,
AUD-KIRSTI PEDERSEN OG INGE SÆRHEIM

ÅRGANG 29 – 2012

NORSK NAMNELAG, BERGEN

namn og nemne

Tidsskrift for
norsk
namnegransking

UTGJEVE AV NORSK NAMNELAG
REDAKTØRAR: GUNNSTEIN AKSELBERG, GUDLAUG NEDRELID,
AUD-KIRSTI PEDERSEN OG INGE SÆRHEIM

ÅRGANG 29 – 2012

NORSK NAMNELAG, BERGEN

Redaksjon:
Gunnstein Akselberg, Universitetet i Bergen,
Gudlaug Nedrelid, Universitetet i Agder
Aud-Kirsti Pedersen, Universitetet i Tromsø
Inge Særheim, Universitetet i Stavanger

Manuskript og bøker til melding:
Gudlaug Nedrelid, Universitetet i Agder,
Serviceboks 422, 4604 Kristiansand.
gudlaug.nedrelid@uia.no

Abonnement gjennom Norsk namnelag,
UIB, LLE, Postboks 7805, N-5020 Bergen.
Årsabonnement for 2012 kr. 200,-
Bankkonto 6501.41.08704
Abonnementet gjeld til det blir sagt opp skriftleg.
«Namn og Nemne» vert utgjeve av Norsk namnelag.
Utgjeve i 2012.

Artiklane i Namn og Nemne kan etter ei bindingstid
på to år leggjast ut på heimesida til Norsk namnelag.
Eventuell reservasjon må meldast til redaksjonen.

Trykt med støtte frå Noregs forskingsråd.

© Den enkelte forfattaren
ISSN 0800-4684

Grafisk produksjon: Sats Montasje Design AS

Innhald

Benedicta Windt-Val: Fra *Pollemann* til *Paulus*.
Navnenes betydning i Sigrid Undsets konversjonsromaner 7

Vidar Haslum: Navngivingsprinsipper og språkutvikling 31

Inge Særheim: *Marselius på Rudlebakken* og *Asseline Justine Gustava på Dokkeholen*. Namnebruken i Torvald Tus Jær-stubbar og hugnadsoger 47

Frode Korslund: Navnet *Varteig* 65

Staffan Fridell: *Skjaldbreið(r)* 71

Stig J. Helset: Om fjellnamn på Sunnmøre 75

Kjell Furuset: Hva betyr øynavnet *Tranøya?* 89

Ragnvald Lien: *Abbor-, Åbor-* og *Tryte-* i navn på tjern 93

Eldar Heide: *Håja/*Háey* i Troms og Finnmark – høgøya og hai(finne)øya? 101

Gunnstein Akselberg: Socioonomastics – a critical approach 107

Bokmeldingar 119

Tilsend litteratur 135

Medarbeidarar i årgang 29 137

Forkortingar

AB	= Aslak Bolts Jordebog ... udg. af P. A. Munch. Christiania 1852
ANF	= Arkiv för nordisk filologi
BK	= Björgynjar kálfskinn. Edidit ... P. A. Munch. Christiania MDCCCXLIII
da.	= dansk
DN	= Diplomatarium Norvegicum. I–. Christiania/Kristiania/Oslo 1847–
DS	= Danmarks Stednavne. I–. København 1922–
fi.	= finsk
frank.	= frankisk
gda.	= gammaldansk
geng.	= gammalengelsk
germ.	= germansk
gfr.	= gammalfransk
gfri.	= gammalfrisisk
ghty.	= gammalhøgtysk
gind.	= gammalindisk
gir.	= gammalirsk
glty.	= gammallågtysk
gno.	= gammalnorsk
gnord.	= gammalnordisk
got.	= gotisk
gprov.	= gammalprovençalsk
gr.	= gresk
gsv.	= gammalsvensk
gæl.	= gælisk
ie.	= indoeuropeisk
isl.	= islandsk
KLNM	= Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder. 1–22. Oslo 1956–78
lat.	= latin
lett.	= lettisk
mlty.	= mellomlågtysk
MM	= Maal og Minne
mnl.	= mellomnederlandsk
NE	= O. Rygh: Norske Elvenavne. Kristiania 1904
NG	= O. Rygh et al.: Norske Gaardnavne
nl.	= nederlandsk
NLR	= Norske lensrekneskapsbøker 1548–1567. I–VI. Oslo 1937–39
NN	= Namn og Nemne
no.	= norsk
NO	= Ivar Aasen 1873: Norsk Ordbog med dansk Forklaring. Christiania: Malling
NoB	= Namn och bygd
NPL	= K. Kruken og O. Stemshaug: Norsk personnamnleksikon. 2. utg. ved K. Kruken. Oslo 1995
NRJ	= Norske Regnskaber og Jordebøger fra det 16de Aarhundrede. Udg. ... ved H. J. Huitfeldt-Kaas og O. A. Johnsen. I–V. Christiania/Oslo 1887–1966/83
NS	= O. T. Beito: Norske sæternamn. Oslo 1949

NSL = J. Sandnes og O. Stemshaug (red.): Norsk stadnamnleksikon. 4. utg. Oslo 1997
NYN = Nynorskordboka. Marit Hovdnak o.fl. (red.). Oslo: Det Norske Samlaget.
OE = Olav Engelbrektssøns jordebog. ... Udg. ... ved Chr. Brinchmann og Johan Agerholt. Oslo 1926
RB = Biskop Eysteins Jordebog (Den røde Bog). Fortegnelse over det geistlige Gods i Oslo Bispedømme omkring Aar 1400. ... udg. ved H. J. Huitfeldt. Christiania 1879
SAS = Studia anthroponymica Scandinavica
seinlat. = seinlatin
st. = stamme, stomn
TR = Trondhjems Reformats 1589. Norske kyrkjelege jordebøker etter reformasjonen. 2.1–104. Utg. ... Anne-Marit Hamre. Oslo 1983
ØK = Økonomisk kartverk

Uttale

Uttalen er attgjeven i fonemisk transkripsjon, mellom skråstrekar. IPA-symbol er nytta.
Forklaring av nokre symbol:
/ˈ/ = tonem 1 (i nontonemiske målføre: hovudtrykk)
/ˈˈ/ = tonem 2
/ˌ/ = bitrykk

Fra *Pollemann* til *Paulus*. Navnenes betydning i Sigrid Undsets konversjonsromaner

Av Benedicta Windt-Val

The Subject of Literary Onomastics may be defined as the study of how authors make use of names as part of their literary and creative strategies. The names chosen by the author in any given text will add meaning to the text in any number of different ways. Personal names and place names are some of the most important tools of the author in the creation of credible characters placed in a literary universe that gives the impression of being authentic. The names in the novel generally will convey important information on many different aspects of the persons – family history, social setting, environment, self-image, personal ambitions, social status, and relationships between the characters. The list is more or less never-ending.

The Norwegian Nobel laureate Sigrid Undset was very interested in names and their many possibilities, and she made increasingly use of them throughout her authorship. The intention of this article is to show the meaningful use of personal names and naming traditions in one of her contemporary novels consisting of two volumes, Gymnadenia *(1929) and* Den brændende busk *(1930).*

INNLEDNING

Konflikten mellom egenviljen og gudsviljen er et kjent motiv i Sigrid Undsets forfatterskap. I dobbeltromanen *Gymnadenia* (1929) og *Den brændende busk* (1930) er denne konflikten tematisert i en moderne kontekst, i et borgerlig miljø i Kristiania gjennom de tre første tiårene av 1900-tallet. Konflikten speiles i livs-

Rygh, O. 1909: *Gaardnavne i Buskeruds Amt.* W. C. Fabritius & Sønner A/S. Faksimileutgave Børsums Forlag og Antikvariat 1967

Stemshaug, O. 1985: *Namn i Noreg. Ei innføring i norsk stadnamngransking.* 3. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget.

Torp, A. 1919: *Nynorsk etymologisk ordbok.*

Venås, K. 1987: *Norske innsjønamn. III. Hedmark fylke.* Oslo: Novus forlag.

Venås, K. 2002: *Norske innsjønamn. IV. Telemark fylke.* Oslo: Novus forlag.

Økland, J. og K. A. Økland, 1999: *Vann og vassdrag 4. Dyr og planter: Innvandring og geografisk fordeling. Vett & Viten.*

Aasen, I. 1873: *Norsk Ordbog med dansk Forklaring.* Mallings Boghandel.

*Håja/*Háey* i Troms og Finnmark – høgøya og hai(finne)øya?

Av Eldar Heide

Abstract: The island name Håøya/Hoøya/Håja *is explained as 'the high island', and this makes sense in most cases, including the two* Håjas *in Troms and western Finnmark, Northern Norway. However, what makes these islands landmarks is first and foremost the characteristic profile, which is similar on both. It very much resembles a* hár/hå *'thole/(dorsal fin of a) shark (swimming in the surface)'. This word has given rise to the name of the mountain* Håen, *situated in the same area and possessing a similar profile. The author therefore suggests that these two names* *Háey/Håja *were understood in a double meaning: both as 'the high island' and 'the shark dorsal fin island' (or 'the thole island').*

Namnet *Håøya/Hoøya/Håja* blir forklart som 'høgøya', og det gjev meining i dei fleste tilfelle, også om dei to *Håja*-ene i Troms og Vest-Finnmark. Det som gjer desse to øyane til landemerke, er likevel mest den karakteristiske profilen, som er nokså lik på begge. Han liknar svært på ein *hár/hå* 'keip/(ryggfinne på) hai (som sym i vass-skorpa)'. Dette ordet har gjevi namn til fjellet *Håen*, som ligg i same området og har liknande profil. Forfattaren føreslår derfor at desse to namna **Háey/Håja* kan ha vore oppfatta i dobbel tyding: Både som 'høgøya' og 'haifinneøya' (eller 'keipøya').

Langs norskekysten finst det ein del øyar med namnet *Håøya*, ofte samandregi til *Håja* (/'ho:ja/) i uttalen, og med varianten *Hoøya*, særleg i Trøndelag. Dette namnet blir forklart som ei samansetjing med adjektivet (gammalnorsk) *hár/hór* 'høg' (Indrebø 1929: 74–75, Stemshaug og Sandnes 1997: 235), for dette er stort sett høge øyar. Til dømes *Håøya* i Oslofjorden (ved Drøbak) har bratte sider og er med sine 231 m høgre enn det næraste fastlandet på begge

sider av fjorden. I det tilfellet står namnet *Håøya* dessutan i motsetnad til *Lågøya*, som er den nørdste av øyane i denne gruppa. *Håøya* i Meland nord for Bergen står på same vis i motsetnad til *Flatøya*, som ho faktisk heng i hop med. Når eg sjekkar i namnebasen til Statens kartverk på www.norgeskart.no, er det tydeleg at denne forklaringa av **Háey* gjev meining i dei fleste tilfelle. Det same gjeld *Hoy* på Orknøyane, norrønt *Háey*; ho er den høgste av Orknøyane, og i alle fall nokre av dei islandske *Háey*-ane. Til dømes *Háey* utføre Tjörnes på austre Nord-Island ligg rett attmed *Lágey* (ser eg av kartet Miðnorðurland i målestokk 1:250 000 frå Landmælingar Íslands). Nokre norske Håøy-ar ser likevel ikkje ut til å vere særleg høge (på kartet, i alle fall), t.d. Håøya ved Grimstad, Håøyna i Tysvær i Nord-Rogaland, og Håøya på innersida av Hitra i Trøndelag. Desse øyane verkar ikkje høgre enn landet ikring eller naboøyane. Korleis dei då kan forklarast, skal eg ikkje gje meg inn på her.

Derimot skal eg sjå på to nordnorske øyar med namnet *Håja*, som er høge, men som truleg bør forståast på annan måte i tillegg. Håja vest for Kvaløya i Tromsø kommune er med sine 486 m mesta 200 m lægre enn Sessøya, som ligg like innanfor, men Håja er høg til å vera så lita, og ho er den ytste høge øya i området. Håja sørvest for Hammerfest er med sine 296 m om lag jamhøg med øyane og fastlandet ikring, men den òg er høg til å vera såpass lita som ho er. Det som gjer desse øyane til kjende landemerke, er likevel meir den karakteris-



Figur 1. Håja vest for Tromsø i juli 2012, sedd frå sør. Foto Eldar Heide.



Figur 2. Håja ved Hammerfest i juli 2012, sedd frå sør. Foto Ivar Svare Holand.



Figur 3. Håkjerring i vass-skorpa, på veg mot høgre, med ryggfinnen og toppen av sporden stikkande opp. Frå http://www.tussi.no/

tiske profilen deira enn høgda, og den profilen er nokså lik på begge øyane – slo det meg sommaren 2012, då eg segla forbi Håja i Troms. Lange strekningar i leia – både på nordsida og sørsida – er begge *Håja*-ene synlege med denne profilen:

På eine sida av profilen stuper øya i sjøen, og på andre sida er det eit langt skråplan som «skyt rygg» ned til sjøen. Dermed liknar profilen svært på ryggfinnen på ein hai, jf. Figur 3, som viser ei håkjerring, ein av dei vanlegaste haiartane på norskekysten:

Grunnen til at dette er interessant i høve til øynamna, er at hai på gammalnorsk heitte *hár* m. – dagens *hai* er same ordet etter at det har vori ein tur om nederlandsk, som fekk det frå gammalnordisk (de Vries 1962: 209, Ásgeir Blöndal Magnússon 1989: 306). I dag lever ordet i norsk mest i samansetjingar som *håkjerring*, *håbrann*, *hågjel*, mfl., alt haiartar, men finst òg usamansett (*hå*), helst om pigghå (*Nynorskordboka* 1986: 297), som er den vanlegaste haiarten på norskekysten. Føreleddet i **Háey* kan formelt sett uproblematisk vera dette *hár*, slik at tydinga kan vera 'hai(finneprofil)øya', som altså ville høve svært godt.

Tolkinga føreset at folk i gammal tid verkeleg oppfatta ryggfinnen som karakteriserande for haien (slik som i dagens kinofilmar), og det ser det ut til. Det er nemleg ryggfinnen som er grunnen til at hai på gammalnordisk heitte *hár*; han liknar på ein keip (altså ein tidleg tollepinnevariant, til roing, sjå Figur 4), som på gammalnordisk heitte både *keipr* m. og *hár* m. *Hár* 'keip' og *hár* 'hai' er faktisk same ordet (de Vries 1962: 209, Ásgeir Blöndal Magnússon 1989: 306). Men det er tydinga 'keip' som er den eldste, for den etymologiske tydinga er noko slikt som 'hake, grein, kjepp' (ibid), altså det ein keip i utgangspunktet er (Figur 4). Keipane som liknar mest på hairyggfinnar, er den eldste typen, den vi kjenner frå Nydamskipet (Engelhardt 1865) frå ikring år 320 e.Kr. (Til ikkje så lenge før dette vart alle farkostar i Nord-Europa padla). Seinare keipar har brattare nev utan den lange, slake skråen framover (sjå t.d. ein keip frå Gokstad-funnet, slutten av 800-talet, hos Brøgger og Shetelig 1971:



Figur 4. Keipar på Nydamskipet frå ikr. år 320 e.Kr., funni i Nydam mose i Sønderjylland. Frå Wikipedia.

43, og mellomalderkeipar hos Christensen 1985 t.d. s. 130, og yngre hos Færøyvik 1987).

At det nemnde ordet *hár* i området ikring dei to *Håja*-ene verkeleg vart brukt i gammal tid om fjell med slik profil som figurane viser, går fram av *Håen*, som er namnet på eit fjell synst på Sørøya i Vest-Finnmark.[1] Det er føreleddet i namna *Hasvik(a)* og *Hasfjorden*, der *Has-* kjem av **Hás-*, som er genitiv av *hár*. Fjellet *Håen* er òg nokså høgt i høve til omlandet, så for den del kunne namnet vera samansett med adjektivet *hár* 'høg', men då skulle det ikkje vori genitivsform; den føreset at *há-* er substantiv. At *Håen* verkeleg er det nemnde ordet *hár* går fram av det samiske namnet på *Hasfjorden*, som er *Ákŋovuotna*, som tyder 'keipfjorden' (Qvigstad 1938: 67, Stemshaug og Sandnes 1997: 198).[2] Etter kartet å døme har Håen sedd frå sørvest liknande profil som Håja-ene.

Kanskje skulle ein tru at namna *Hasfjorden* og *Hasvik(a)* viser at dersom **Háey/Håja* verkeleg er samansett med substantivet *hár*, så burde **Háey/Håja* heitt **Hásey/*Håsøya*. Men på norrønt var det fritt val mellom stammesamansetjing og genitivssamansetjing, jf. t.d. *skógdýr* = *skógardýr*, i dag «skogsdyr» (*skógar* var den gamle genitiven), eller *skógerð*, ikkje **skósgerð* 'skomakararbeid' (Fritzner 1883–96 III: 364), og *knésbót* 'kalvbot (baksida av kneet)', med genitivs-*s*, men *knéliðr* 'kneledd' utan *-s-* (ibid II: 308).

Så kan ein meine at dersom namna på desse øyane/fjella er samansette med hankjønnsordet *hár*, så kan det like gjerne vera fordi dei liknar keipar som hairyggfinnar. Ja, men dei liknar meir på haifinnar enn på keipar, og då verkar det rimelegare om det er den sekundære tydinga som ligg bak.

Eg meiner ikkje at **Háey* ved Kvaløya og ved Hammerfest i gammalnorsk tid ikkje vart oppfatta som 'høg-øya'. Poenget mitt er at når profilen på desse øyane lange strekningar i skipsleia slåande liknar på ein *hár* 'hai(finne)/keip', så er det vanskeleg å tru at folk ikkje samtidig oppfatta dei som 'haifinneøya' (eller 'keipøya'). Namna kan ha vorte laga som ordspel, slik som *Bolsjevika* på Utøya.

Det kan hende *Håen* på Værøya i Lofoten bør forklarast på same måten som *Håen* på Sørøya, men eg kjenner ikkje til om Værøy-fjellet har nokon slåande haifinneprofil. Det har derimot fjellet *Håven* på Gimsøya i Lofoten (sett frå sør. Takk til Finn Myrvang for tips om desse namna). Det kunne derfor vera freistande å tolke det namnet på same viset (*v*-en kunne vera eit innskot som det ville finnast mange parallellar til), men det er problematisk, for like på nordsida av fjellet ligg garden *Hov*, som vi må tru er minst frå gammalnorsk tid, sidan det er fleire gravhaugar på garden (Rygh 1905: 317). Eldste skriftbelegg 1567) og namnet har bunden form.[3] Det er derfor all grunn til å tru at fjellnamnet er avleidd av gardsnamnet, slik Rygh seier.

Eg har ikkje dregi inn dei mange stadnamna på *keip* i drøftinga. Ein del av dei kan nok vera frå gammalnorsk tid, men det er grunn til å tru at dei som gruppe er yngre enn *há*-namna, sidan *há* stort sett er gått ut or bruk om tollepinnetypen, medan *keip* har vori allment kjent heilt opp til i dag.

Litteraturliste

Ásgeir Blöndal Magnússon. 1989: *Íslensk orðsifjabók*. Reykjavík: Orðabók Háskólans.

Brøgger, A. W. og H. Shetelig. 1971: *The viking ships. Their ancestry and evolution*. [New. English translation by K. John. Oslo: Dreyer.

Christensen, A. E. 1985: *Boat finds from Bryggen*. The Bryggen papers. Main series 1. Avhandling (doktorgrad) – Universitetet i Oslo, 1985. Bergen: Universitetsforlaget.

Engelhardt, C. 1865: *Nydam mosefund 1859-1863*. Med 15 kobberstukne plader og en del kemitypier, udførte af I. M. Petersen. Udgivet med understøttelse af det kongellige ministerium for hertugdømmet Slesvig. Kjøbenhavn.

Fritzner, J. 1883–96: *Ordbog over Det gamle norske Sprog* 1–3. 2. utgåve. 1. utg. Christiania 1867. Kristiania: Den norske Forlagsforening.

Færøyvik, Ø. 1987: *Vestlandsbåtar. Frå oselvar til sunnmørsåttring*. Norske båtar 5. «Ei bok bygd hovudsakleg på granskingsarbeid som B. Færøyvik let etter seg.». Oslo: Grøndahl & søn.

Haslum, V. 2003: *Artikkelløse stedsnavn i norsk talespråk. En studie i onomastikk og dialektologi*. Dr. art.-avhandling, Universitetet i Bergen. [Bergen]: Nordisk institutt, Det historisk-filosofiske fakultet.

Indrebø, G. 1924: «Litt um bortfallet av fleirtal i verbalbøygjingi i norsk.» *Festskrift til Amund B. Larsen på hans 75-års fødselsdag 15. desember 1924*. Kristiania: Aschehoug. 106–14.

——— 1929: *Stadnamn fraa Oslofjorden*. Skrifter utgitt av Det norske videnskaps-akademi i Oslo. II, Hist.-fil.klasse. Oslo: I kommisjon hos Dybwad.

Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok, 1986. Utarbeidd av Avdeling for nynorsk ved Norsk leksikografisk institutt, Universitetet i Oslo, i samarbeid med Norsk språkråd. Redaksjon M. Hovdenak m. fl. Oslo: Det Norske Samlaget.

Qvigstad, J. 1938: *De lappiske stedsnavn i Finnmark og Nordland fylker*. Instituttet for sammenlignende kulturforskning, serie B, skrifter 33. Oslo: Aschehoug.

Rygh, K. 1905: *Norske Gaardnavne 16. Nordlands amt.* Kristiania: Fabritius.
Stemshaug, O. og J. Sandnes, 1997: *Norsk stadnamnleksikon.* 4. utg. Oslo: Det Norske Samlaget.
Vries, J. de, 1962: *Altnordisches etymologisches Wörterbuch.* Zweite verbesserte Auflage. Fyrste utgåve 1961. Leiden: E.J. Brill.

Noter

1) Når Indrebø (1924:75) nemner eit fjell *Håja* på Sørøya, går eg ut frå at han er feilinformert og at det er *Håen* det er snakk om.
2) Qvigstad 1938:67 meiner namnet *Ákŋovuotna* kjem av at «Fjorden ser i forhold til Sørøysund ut som en gammeldags båtkjeip», men det kan ikkje vera rett. Slikt ser ein berre på kartet, og Qvigstad har tydelegvis ikkje vori klar over at *Has-* i *Hasfjorden* kjem av *Håen* eller at *Ilåen* kan tyde 'keipen'.
3) Bunden artikkel kom ikkje før på 1100-talet, i stadnamn ikkje før på 1200-talet, men seinare i Nord-Noreg (og på Island stort sett ikkje enno. Sjå Haslum 2003: 68–72).

Socioonomastics – a critical approach

Av Gunnstein Akselberg

Artikkelen er eit framlegg til presentasjon og avgrensing av fagdisiplinen sosioonomastikk. Forfattaren kjem med utkast til ein generell og vid definisjon og gjev ein stutt historikk for disiplinen. Vidare presenterer forfattaren onomastiske og sosiolingvistiske karaktertrekk til disiplinen, og peikar avslutningsvis på sentrale faglege utfordringar og forskingsområde. Den gjennomgåande problemstillinga er å utfordra den etter kvart noko etablerte deskriptive og labovske makroorienterte tilnærminga i disiplinen.

1. PRELUDE

Socioonomastics is still a fairly new and little comprehensive and delineated science.

There are few or no descriptions available that explicitly focus on what should be the features of the field. Socioonomastic research questions and results may occur in previous onomastic research, yet as a field in its own right socioonomastics is a rather new phenomenon.

Most of the studies in socioonomastics, and mainly the early studies, focus on personal names: first names, surnames and nicknames. This narrow scope applies to both national and international studies (cf. Johannessen 1995, Van Langendonck 1980, Nedrelid 2009). In recent years, some explicitly socioonomastic studies of place names have also been published (cf. e.g. Gläser 1996, Pablé 2009). Socioonomastic approaches to other classes of names are currently scarce.

The aim of this article is to discuss what should be the main contents of the field socioonomastics. The description provided is based on major questions such as How might socioonomastics be differentiated from other onomastic disciplines? Upon which theoretical and methodological foundations would one expect socioonomastics to be based? I would also like to highlight areas of research and research